



**Utval:** Fylkeseldrerådet i Hordaland  
**Møtestad:** Nordhordaland, 4. etg., Fylkeshuset  
**Dato:** 18.09.2014  
**Tidspunkt:** 10:15-16:05

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Margot Bertheussen	Leiar	PF
Kåre Ystanes	Nestleiar	PF
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Anne-Karin Davidsen	Medlem	LOP
Arne Gunnar Trædal	Medlem	FSF
Jette Lunemann Hansen	Medlem	A
Dagfinn Vik	Medlem	FRP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

---

**Merknader**

---

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ronny Skaar	Utviklingssjef, Kultur- og idrettsavdelinga
Marianne Osen Askvik	Rådgevar, Kultur- og idrettsavdelinga

## Sakliste

<b>Utvaks- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 28/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 29/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 30/14	Godkjenning av sakliste		
PS 31/14	Møteprotokoll frå rådsmøtet i fylkeseldrerådet 180614	2014/557	
PS 32/14	Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer	2014/13048	
PS 33/14	PREMISS; regional kulturplan - høyringsuttale	2014/557	
PS 34/14	Eldrerådskonferansen 2014 - oppdatering	2014/557	
PS 35/14	Oppnemning av representant til det regionale brukarutvalet i Helse Vest 2015-2017	2014/557	
PS 36/14	Vestlandssamlinga 2015 - førebuing	2014/557	
PS 37/14	Budsjett 2015 for Hordaland fylkeskommune	2014/557	
PS 38/14	Budsjett 2015 for fylkeseldrerådet - ønskjer	2014/557	
PS 39/14	Referatsak (meldingar)		
RS 26/14	Referat frå studietur til Island - Fylkeseldrerådet	2014/557	
RS 27/14	Referat frå FYEL-AU 210814	2014/557	
RS 28/14	Møteprotokoll frå FYEL-Buskerud - 130614	2014/557	
RS 29/14	Endeleg uttale til nytt mandat for Fylkeseldrerådet i Hordaland	2014/557	
RS 30/14	Svar til Pensjonistforbundet Hordaland frå fylkeseldrerådet	2014/557	
RS 31/14	Uttale til regional plan for attraktive senter - fylkeseldrerådet	2014/557	
RS 32/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr. august	2014/1527	
PS 40/14	Ymse		

## **PS 28/14 Godkjenning av møteinnkalling**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet godkjente møteinnkallinga.

## **PS 29/14 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

### **Vedtak**

Saka fall bort grunna PS 31/14 Møteprotokoll frå rådsmøtet i fylkeseldrerådet 18.06.2014.

## **PS 30/14 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet godkjente sakslista.

## **PS 31/14 Møteprotokoll frå rådsmøtet i fylkeseldrerådet 180614**

### **Forslag til avgjerd**

Fylkeseldrerådet godkjenner møteboka frå 090414.

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet godkjente møteboka frå 18.06.2014.

## **PS 32/14 Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer**

### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner forslag til nye retningslinjene for TT-ordninga i Hordaland, datert 23. mai 2014.

**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014**

**Stein Inge Ryssdal** sette fram forslag om å utsetja saka, og grunngav det med at den burde sendast på høyring hjå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens fylkesutval.

### **Røysting**

Forslaget om utsetjing vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Saka vert utsett.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

Saka vert utsett.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014**

## **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få saka lagt føre seg før politisk handsaming i samferdselsutvalet sidan målgruppa til rådet er store brukarar av ordninga.

Rådet vil igjen nytte moglegheita til å rose administrasjonen for godt gjennomført arbeid, og er særskilt nøgd for at det nå er mogleg å få livsvarig godkjenning, samt at det vert lettare for menneske med psykiske lidingar å nytte seg at ordninga.

Når det er sagt har rådet slike innspel til saka:

Det vert i saka presentert ein maksgrense på brukarar i ein kommune til 3,4% av innbyggerane. Rådet meiner ordninga bør vere basert på trong, ikkje eit makstak. Dersom det er naudsynt med eit makstak meiner rådet at dette bør vere på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt, da ordninga er fylkeskommunal. I nokre kommunar er det kø for å kome inn i ordninga, mens det i andre kommunar verkar å vere plass, noko som gjerne vert avgjort av demografi og geografi.

Rådet ønskjer derfor å fremje at makstaket vert fjerna, men dersom det er naudsynt med eit makstak ønskjer rådet å fremje at dette gjeld på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt.

Når det gjeld satsane i ordninga er ikkje desse endra nemneverdig dei siste åra. Rådet ser på det som naturleg at desse vert auka for å unngå at ordninga i prinsipp vert innskrenka.

Rådet ønskjer derfor å fremje at satsane vert indeksregulert.

Rådet er elles veldig nøgd med arbeidet som er gjort og ser fram imot til at endringane trer i kraft.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

## **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å stille seg bak rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si uttale i PS 72/14 Transportordninga for funksjonshemma – endring av retningslinjer.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

## **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek å støtte uttala til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne frå møtet 10.09.2014, med slikt tillegg:

Fylkeseldrerådet reagerer på at satsane for fritidsreiser ved 67 års alder vert differensiert. Fylkeseldrerådet meiner dette er aldersdiskriminerande og vil foreslå at aldersgrensa fell bort.

## **PS 33/14 PREMIS; regional kulturplan - høyringsuttale**

### **Forslag til avgjerd**

Fylkeseldrerådet gir arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein uttale basert på innspela i rådsmøtet.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

## **Vedtak**

Fylkeseldrerådet gir arbeidsutvalet fullmakt til å skrive ein uttale basert på desse innspela frå rådsmøtet:

- Den regionale kulturplana er gjort på bakgrunn av eit sær bra arbeid.
- Det er ønskjeleg å styrke den kulturelle spaserstokken gjennom planen.

- Kystkultur, fyr- og fartøyvern, og tilgjenge til desse er noko som bør ha meir fokus.
- Fremje biblioteka som møteplass og kulturarena, særskilt i distrikta.
- Fotobevaring og lokalhistorie er viktige punkt.
- Eldre meir i fokus under kapittelet inkludering og deltaking.
- Amatørkulturråd, som idrettsråd, bør finnast i alle kommunar.
- Det bør vere ein oversikt over alle verkemidlar og støttebidrag i fylket tilgjengeleg for folk.

## **PS 34/14 Eldrerådskonferansen 2014 - oppdatering**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek å godkjenne programmet til fylkeseldrerådskonferansen. Per 18.09.2014 var det 19 påmeldte frå 11 kommunar.

Fylkeseldrerådet har slike ønskjer til innleiarane:

- Wenche Frogn Sellæg: nemne noko om den kulturelle spaserstokken og eventuelle endringar i midlar
- Ronny Skaar: nemne noko om den kulturelle spaserstokken og eventuelle endringar i midlar
- Nils Egil Grude: nemne noko om endringane i TT-ordninga

Følgjande medlemmar av rådet skal overnatte i samband med konferansen: Margot Bertheussen, Kåre Ystanes, Anne-Karin Davidsen, Monrad Reigstad, Dagfinn Vik.

## **PS 35/14 Oppnemning av representant til det regionale brukarutvalet i Helse Vest 2015-2017**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet nemnar Dagfinn Vik som varamedlem i brukarutvalet til Helse Vest 2015-2017.

## **PS 36/14 Vestlandssamlinga 2015 - førebuing**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek å arrangere Vestlandssamlinga 28.-29.04.2015 på Ullensvang hotell og ber administrasjonen om å informere fylkeseldreråda i Rogaland og Sogn og Fjordane.

Aktuelle tema til samlinga kan vere FN-konvensjonen og universell utforming, samt den kulturelle spaserstokken. Tema til Vestlandssamlinga vert satt opp som ein sak til neste rådsmøte.

## **PS 37/14 Budsjett 2015 for Hordaland fylkeskommune**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek å endre sitt møte 16. oktober til 6. november for egne tid til budsjett 2015. Rådet ønskjer ein generell orientering om budsjettet for 2015, med fordel frå økonomidirektør Johnny Stiansen.

## **PS 38/14 Budsjett 2015 for fylkeseldrerådet - ønskjer**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek å sende følgjande innspel til økonomiavdelinga i samband med budsjettarbeidet for 2015:

Fylkeseldrerådet søkte om å få **kr. 50.000.-** i auka løyving i 2014-budsjettet. Fylkeseldrerådet fekk **kr. 25.000.-**. No ser det ut til at utgiftene for 2014 vert større enn budsjettet.

Grunnane til det er fylgjande:

- Prisauke i transport- og møteutgifter
- Auke i utgifter til innleiarar på eldrekonferansen 7.-8. oktober
- Auke i utgifter til deltaking i andre møte og i brukarutval som fylkeseldrerådet er representert i
- Fylkeseldrerådet har og hatt i tankane at ein burde vitje andre område i landet for å få inspirasjon som kan nyttast i arbeidet med eldrerårsarbeidet i Hordaland

Fylkeseldrerådet søker difor om ei løyving på **kr. 375.000.-** for budsjettåret 2015.

Fylkeseldrerådet skal og arrangera den årlege konferansen for «Vestlandssamarbeidet» i 2015. Dette er eit samarbeid mellom fylkeseldreråda i Song og Fjordane, Hordaland og Rogaland. For å arrangere denne konferansen søker fylkeseldrerådet om ei ekstraløyving på **kr. 50.000.-**.

## **PS 39/14 Referatsak (meldingar)**

### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

#### **Vedtak**

*Referat frå studietur til Island frå fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane:* Feil fil var lagt som referatsak til møtet. Rett fil vert lagt ved som referatsak til neste rådsmøte.

*Større sakar til politisk behandling hausten 2014 – per september:* Fylkeseldrerådet ønskjer ein sak om Tannhelsetenesta – klinikstruktur 2015 - 2030 på neste rådsmøte.

Fylkeseldrerådet tek resterande sakar til orientering.

**RS 26/14 Referat frå studietur til Island - Fylkeseldrerådet**

**RS 27/14 Referat frå FYEL-AU 210814**

**RS 28/14 Møteprotokoll frå FYEL-Buskerud - 130614**

**RS 29/14 Endeleg uttale til nytt mandat for Fylkeseldrerådet i Hordaland**

**RS 30/14 Svar til Pensjonistforbundet Hordaland frå fylkeseldrerådet**

**RS 31/14 Uttale til regional plan for attraktive senter - fylkeseldrerådet**

**RS 32/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr. august**

**PS 40/14 Ymse**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014**

**Vedtak**

Ingenting vart teke opp under Ymse